



Boligsenteret Bergen A S
Sandviksbodene 1E
5035 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/101 - 23/1504

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
05.01.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - parkering gbnr 323/302 Frekhaug

Tiltak: Parkeringsplasser
Byggjestad: Gbnr: 323/302
Tiltakshavar: Frekhaug Torg As
Ansvarleg søkjar: Boligsenteret Bergen A S

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.01.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknaden må sendast i regi av ansvarleg søkjar- profesjonell føretak. Tiltakshavar kan ikkje stå som søkjar eller utførande for parkeringsplassar på anna mannsgrunn med areal på ca. 177 m².
2. Gjennomføringsplan skal oppdaterast med PRO prosjekterande for Veg, uteareal, landskapsutforming og UTF utførande for veg og grunnarbeida-profesjonelle føretak.
3. Erklæringar frå ansvarshavande skal ettersendast.
4. Det er ikkje vist avkøyrslé, tal parkeringsplassar, VA-leidninga, avstand til leidningar, vegmidten på situasjonsplan.
5. Søknad skal på høyring til samferdsel, veg, vatn og avlaupsavd. Det skal søkjast om utvida bruk av avkøyrslé/evt. ny avkøyrslé. Til samferdsel, veg, vatn og avlaupsavd.
6. Det er Alver kommune som er grunneigar av gbnr 323/302, eigedomsavdelinga skal samtykke til tiltaket på kommunal grunn. Ved nærare avstand enn 4 m til kommunale VA-leidningar skal det søkjast dispensasjon frå avstandskrav.
7. Det må sendast profil- snitt teikningar som viser eksisterande og framtidig terreng. Ved terrenginngrep kan ikkje det søkjast om fritak frå dispensasjon for mellombels parkering etter PBL §30-5. Vilkår for slik fritak at terrenget kan tilbakeførast etter 2 år til opphavleg stand.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 05.02.23. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Frekhaug Torg As

Sandviksbodene 1E

5035

BERGEN

Mottakarar:

Boligsenteret Bergen A S

Sandviksbodene 1E

5035

BERGEN